

Ungdommens fylkesting

Dato: 30.11.2017  
Vår ref.: 2014/13889-87  
Saksbehandlar: lisadla  
Dykkar ref.:

## Invitasjon til å kome med forslag om tema til trafikksikringskonferansen for kommunane i Hordaland i 2018

Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) bad i sitt møte 25. oktober 2017 om at Ungdommens fylkesting vert invitert til å komme med innspel til tema på trafikksikringskonferansen for kommunane i Hordaland i 2018. Dette er ein årleg konferanse som FTU arrangerer i november kvart år. Dato for konferanse vil ein komme attende til.

FTU ser gjerne at det vert eit fokus på ungdom på kommande konferansen. I Hordaland har talet på drepne og hardt skadde ungdommar i trafikken gått ned dei siste åra, men ungdom er ei utsett gruppe i trafikken, - særleg som sjåførar og medpassasjerar. Fokus på åtfærd og haldningar er særst viktig i ein slik samanheng.

Innanfor feltet trafikk og ungdom er det fleire tema som kan løftast. Nokre eksempel er ferske sjåførar, rus, alkohol, bruk av bilbelte, fart og fartsgrenser, og eit tydeleg fokus på å seie nei til å sitje på med ruspåverka sjåfør. Når det gjeld gåande og syklande er det sjølvstøtt eit tema med bruk av sykkelhjelm og refleks, men dette er ikkje noko som fyrst og fremst rettar seg mot ungdom. Likevel har kanskje Ungdommens fylkesting innspel og tips til tiltak her?

FTU ønskjer med dette å utfordre Ungdommens fylkesting til å komme med konkrete innspel på kva som skal setjast på dagsorden på kommande konferanse.

Merk at dersom Ungdommens fylkesting ønskjer å delta på konferansen, så er dei velkommen til det.

John Martin Jacobsen  
leiar

Lise Fauskanger Ådlandsvik  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*